



Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep
0032 Oslo



Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)
200905818-4/500/MHAA

Dykkar ref.:

Bergen, 26. august 2009

Høyring - forslag om oppretting av nasjonal eining for karriererettleiing

Vi viser til sak om oppretting av nasjonal eining for karriererettleiing, sendt på høyring med frist 1. september 2009.

Hordaland fylkeskommune har følgjande kommentarar til forslaget:

Vi stettar grunngjevinga for å opprette ei nasjonal eining for karriererettleiing ut frå behovet for :

- eit nasjonalt organ som kan samordne forskning og utgreiing om det operative praksisfeltet
- eit organ som kan samordne informasjon og spreie gode døme på internasjonalt og nasjonalt utviklingsarbeid
- utvikle og spreie karriererettleiingsverktøy og –metodar, arrangere og bidra til faglege møteplassar
- initiere utvikling av felles kvalitetskriteriar for tenesteproduksjon (dvs. sikre likt tilbod til brukarar uavhengig av bustad)
- utvikle kompetansekriteriar og utdanningstilbod for tilsette i karrieresentra

Koordinering av det fylkesvise arbeidet med karriereettleiing har til no skjedd gjennom årlege samlingar i Utdanningsdirektoratet og faglege samlingar arrangert av dei ansvarlege for arbeidet i dei ulike fylka. Eit av hovudproblema har vore å få til ei permanent finansiering av verksemda etter prosjektperioden. Utdanningsetaten i fylkeskommunane har i hovudsak vore dei som har hatt ansvar for finansiering, med noko støtte frå NAV.


Etter Hordaland fylkeskommune si vurdering treng vi ikkje eit nytt byråkratiserande ledd i organiseringa av det vidare arbeidet. Ut frå dei erfaringane vi har hatt med verksemda i Senter for yrkesretteiing sidane 2005, ønskjer vi eit fagleg organ med ansvar for fagleg koordinering og kvalitetsutvikling, som koordinerer dei erfaringane dei lokale einingane gjer i møte med brukarane, som kan initiere forskning og utgreiing på feltet, som koordinerar spreieing av lokale erfaringar, utvikling av verktøy og metodar, med ansvar for årlege faglere samlingar og utvikling av utdanningstilbod for tilsette i dei lokale einingane.

Mykje av det tverrsektorielle arbeidet er godt ivartatt i dei lokale partnerskapane. Fylka treng fokus på finansiering av den verksemda som er i gang og som skal i gang i alle fylka. Det er også behov for koordinering på områda nemnt ovanfor.

Hordaland fylkeskommune ser ikkje behov for eit større sentralt organ på nivå med dei ulike direktorata. Etter vår oppfatning er den nære kontakten med utdanningsetaten den viktigaste for gjensidig utveksling og påverking. Ei organisering i tråd med den som ligg i forslaget, vil etter vår vurdering bidra til auka byråkrati og handlegge midlar som i større grad kunne vore nyttiggjort ute i praksisfeltet, i møte mellom tilbod og brukarar.

Saka skal opp til politisk handsaming i opplærings- og helseutvalet i Hordaland i møte 21.-22. september.
Eventuelle merknader til vår konklusjon vil bli etersendt den 22. september.


Anne Hjerppe


Marianne Haaland

Kopi: Fretheim, Åse, Opplæringsavdelinga